

Innflytting i 12 bustadar før jul

05.08.2010



I forgrunnen er det gjort klart for dei 3 tomannsbustadane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

12 nye bustadar vil vera ferdige i Hagetunet før jul.

4 er allereie ferdigstilte og dei er utleigde og vil verta innflytte no, opplyser dagleg leiar i Uskedalen eigedom Johannes Hjønnnevåg.

Bebuarane skal leiga bustadane hjå Uskedalen eigeom, men kommunen skal bestemma kven som skal bu er. Kommunen skal også gje tenester i bustadane og vil flytta personalbasen sin frå Myra og dit.

Denne basen får difor ei av leilegheitene medan dei andre skal delast ut til folk med spesielle behov. Til dømes vil nokon bli for psykisk utviklingshemma, men også folk med andre behov vil kunna bu der.

Dei resterande bustadane vert ferdige før nyttår, melder Grenda.